

Kyrkje – kultur – og helse:

Vi må utvide praksisrommet

Av Rollaug Waaler, forstanderinne, Haraldsplass Diakonale Stiftelse

Vetle Karlsen Eide, diakonirådgjevar, Bjørgvin bispedømme

Asbjørn Finnback, diakonirådgjevar, Stavanger bispedømme

Torsdag 16. januar går Kyrkje-helsekonferansen av stabelen. For program og påmelding, sjå www.checkin.no

Dialogen mellom kyrkja, helsearbeidarar og kulturfeltet må styrkjast. Til beste for folkehelsa og pasientane. Estetikk og etikk høyrer saman, og diakonien har alltid hatt eit estetisk element i det praktiske arbeidet for sjuke og naudlidande. Som Mor Teresa sa det: Det handlar om å gjere noko vakkert for medmenneska. Både kyrkjeearbeidarar, kulturutøvarar og helseprofesjonane tener på større medvit om kvarandre – til beste for alle dei kjem i kontakt med. Oss alle, med andre ord.

Kyrkja er forplikta på eit heilskapleg helseomgrep. I vår tid femnar denne heilskapen ei treeiningheit med kyrkje, helse og kultur. Når vi fokuserer på dette på den komande «Kyrkje-Helsekonferansen», er det fordi vi ønsker å utvikle møteplassen mellom aktørane i denne helsebringande treeininga. Basert på lang erfaring frå diakonien – både den frivillige og den institusjonsbaserte – er det enno mykje å gå på for å hente ut større effekt av eit tettare samvirke mellom desse felta. Samstundes kan nokre døme gi inspirasjon til fleire konkrete tiltak.

Samarbeid om kunst

På Haraldsplass Diakonale Sjukehus er det innleia samarbeid med KODE som har hand om Bergen kommune sine kunstsamlingar. Medan pasienten er på rommet sitt, kan han eller ho velgje å sjå på fjernsynsprogram eller å gå på ei virtuell kunstutstilling. KODE har opna sitt digitale kunstarkiv slik at pasientane på sjukehuset kan gle seg med å sjå på utdrag av den fantastiske samlinga av kunstverk dei har.

Pilegrimskultur

Dei gamle pilegrimsrutene og -måla, har blitt aktualisert dei seinare åra. Ein treng ikkje gå like til Santiago de Compostela for å vere retteleg pilegrim. Det finst mange fine pilegrimsruter i Noreg. Vandringa og den meditative roen i det å bruke «apostlane sine hestar» for å nå eit mål, vert framheva som folkehelsearbeid av beste sort. Pilegrimsvandring er både førebyggjande og – for mange – heilbredande i seg sjølv.

Musikkterapi

Kyrkjemusikken har tradisjonar attende til gamaltestamentleg tid. No er ikkje harpespel av David det mest framtredande i moderne kyrkjemusikk, men musikkens vidunderlege verknad er den same. Frå Bach og orgelbrus til moderne musikk: Alt høyrer heime i kyrkjerommet. Og alle veit at korsongarar «lever lengre». Dei er i alle høve gladare. Brukt terapeutisk har musikken unike eigenskapar, og dermed er enno ein profesjon med å utvide floraen av gode profesjonar i denne treeininga: Musikkterapeuten. Her er det mykje ukjent terreng å orientere seg i, og moglegheitene er mange.

Dette er gode uttrykk for korleis kyrkje, helse og kultur samskapar verdiar for enkeltmenneske. Lista med moglegheiter er enno lengre. Siktemålet med årets «Kyrkje-helsekonferansen 2020» er å bidra

til utvida forståing mellom aktørane i kyrkja, i kulturlivet og i helseprofesjonane. Vi vil peike på korleis vi kan bli enno betre på å tilby heilskaplege tenester for å forebygge helsa mellom friske og styrke heilinga for dei som er sjuke.